



Statsforvaltaren I Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18341 - 22/78593

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
13.10.2022

Oversender vedtak om dispensasjon for oppføring av einebustad til endeleg avgjerd - gbnr 305/83 Fløksand

Saksopplysningar

Administrativt saknr. 20/18341
Tiltak: Oppføring av einebustad
Søknadstype: Dispensasjon frå LNF-føremålet
Eigedom: gbnr 305/83 Fløksand
Adresse: Eigedomen har ingen adresse, bruksnamn Kjellarbakken
Tiltakshavar/eigar: Randi Digranes og Bjørn Systad representert av Advokatfirmaet Harris
Klagar: Nabolaget på Fløksand:
Fam. Hansen/Kvalheim- Fløksand 48
Fam. Vikebø- Fløksand 60 (Øvre Krabbedalen 41)
Fam. Hoff- Fløksand 54 (Christinegården 2 og Sydnøgaten 21)
Fam. Anfinsen/Halland- Fløksand 62
Fam. Bysheim- Fløksand 52

Saka gjeld

Saka gjeld klage på vedtak fatta av utval for areal, plan og miljø i sak 20/18341 med saknr. 100/22, datert 15.06.2022, om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av einebustad.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 05.10.2022, der Alver kommune sitt vedtak av 15.06.2022, vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følgje:

«APM- 128/22 Vedtak:

Utval for areal, plan og miljø handsama sak 128/22 i møte den 05.10.2022, og gjer følgjande vedtak:

Klagen vert ikkje teken til følgje.

Grunngjeving

Saka gjeld klage på utval for areal, plan og miljø sitt vedtak av 15.05.2022, om å gje dispensasjon frå arealformålet LNF for oppføring av omsøkt bustad på gnr. 305 bnr. 83. Det vart knytt vilkår til dispensasjonen. Vedtaket er påklaga av naboar i Fløksand 28, 52, 54, 60 og 62, i ei felles klage.

Klagar hevdar at det ikkje er grunnlag for å gje dispensasjon frå LNF formålet, og at grunngevinga for at fordelane er klart større enn ulempene ved eit slikt løyve om dispensasjon ikkje er tilstrekkeleg. Klagar meiner at Statsforvaltaren pålegg APM å leggje fram nye moment i saka som dannar grunnlag for nytt vedtak. Vidare at det ikkje har kome nye moment som grunnjev eit løyve om dispensasjon i denne saka.

Klagar visar til at eigedomen er avsett til LNF formål, og motsett seg betydninga av at eigedomen tidlegare er frådelt som «byggetuft». Vidare meiner klagar at eigedomen aldri har vore del av busetnaden i området, men har hatt sin funksjon som del av «opne øyer» mellom eigedomane. Det vert i den samanheng også vist til eigedomens betydning som «hjärte» i Fløksand Villsaulag sitt saue- og kulturlandskapsprosjekt. Villsaulaget vert også omtala i forhold til tilrettelegging av «alternativ landbruksdrift».

Klagar motsett seg også at dispensasjon frå LNF formålet i denne saka er i samsvar med kommunens overordna mål og ynskje om fortetting. I tillegg fastheld klagar at det ikkje kan sjåast til Landbruksavdelinga si uttale om at området er egna for fortetting, då dette ligg utanfor kva dei vart beden om å uttale seg om. Klagar sår også tvil om tiltakshavarar intensjon bak tiltaket om å byggje ein bustad, med tilvising til at det tidlegare vart søkt om to bustader. Klagar er heller ikkje einige i eigarskap og vidare førespegla bruk av «grindabygget».

Etter nok ein ny vurdering av saka, opprettheld APM vedtaket om å gi dispensasjon; APM meiner at vilkåra for dispensasjon i pbl. § 19-2 er oppfylt, og at det er gjort tilstrekkeleg greie for avveining av omsyn og interesser i vedtaket av 15.06.22. APM tolkar ikkje Statsforvalterens opphevingsvedtak som eit direkte pålegg om nye moment, men som eit behov for ny vurdering for å sikre tilstrekkeleg grunngeving av vedtaket opp mot lovas vilkår for å gi dispensasjon.

Omsyna blir ikkje vesentleg sett til side

Omsyn bak LNF er å bevare landskaps- og jordbruksomsyn, samt å bevare samanhengande jordbruksområde. Uheldig endring av bruk og fragmentering av landsbruksområder skal ikkje førekomma. APM er ikkje usamd i at det er LNF formål som gjer seg gjeldande på eigedomen, men kan ikkje sjå at det automatisk medfører en vesentleg tilsidesetting av omsyna ved å tillate dispensasjon for oppføring av ein mindre einebustad. Det må gjerast ei konkret vurdering av om det aktuelle tiltaket vil vesentleg setje omsyna bak LNF-formålet til side.

Klagar vektlegg bruken av eigedomen som beite for Fløksand Villsaulag. Tiltakshavarar har inngitt tilsvar til klagen kvar det vert greia ut om historikk. Her går det fram at Fløksand Villsaulaget er oppløyst, samt at eksisterande sauedrift ikkje er avhengig av denne parsellen. Basert på dei opplysningar som er presenter i saka, kan AMP på si side ikkje sjå at gjeldande omsyn blir vesentleg tilsidesett; Oppføring av einebustad på den aktuelle eigedomen synes ikkje å koma i konflikt med verken dagens bruk eller behov for tilgjengeleg areal for beiting. Vidare meiner APM at det vert relevant å sjå til fråsegner frå andre myndigheiter som er fagansvarleg for dei respektive fagfelt. Ei slik avveiging er ikkje eit grunnlag for sakshandsamingsfeil. Tvert imot, vil det representera ein sakshandsamingsfeil i saka å ikkje leggja vekt på desse utsegnene. Følgjeleg legg APM til grunn at det er avgjerande å vektleggja utsegn frå andre myndigheiter – som og medverkar til at saka vert tilstrekkeleg opplyst;

Landbruksavdelinga har vurdert det verdifulle kulturmiljøet på Fløksand med både gamle og nye bygg. I den samanheng vart det vurdert positivt at tiltakshavarar planlegg eit bygg som

passer godt inn i dette miljøet, ei utbygging som gjev moglegheit for dyrking av grønnsaker, samt at «grindabygget» og den gamle jordkjellaren vil verta teken vare på.

Landbruksavdelinga har også vurdert eigedomen sine interesser som friluftsområde, og stadfester at det ikkje ser ut som arealet har vore nytta til friluftsmål for ålmenta. Landbruksavdelinga kunne heller ikkje sjå spor av stiar over eigedomen. I tillegg vart eigedomen vurdert lite tilgjengeleg frå vegen, ved at tilkomst er avgrensa ved inngjerding. Landbruksavdelinga er altså positiv til at det gis dispensasjon til den aktuelle bustaden. Heller ikkje kulturavdelingane i Vestland fylkeskommune eller Alver kommune, har uttrykt innvendingar til tiltaket; Vestland fylkeskommune finn ikkje at tiltaket omhandlar eit område av regional verdi, og viser til at Alver kommune er nærmast til å vurdere tiltaket si verknad på lokale kulturminneverdiar i form av bygningsmiljø og kulturlandskap.

Kulturavdelinga i Alver kommune vurderer at tiltaket er planlagt med tilpassing til eksisterande bygningsmiljø og landskapet rundt. Den eldre jordkjellaren som ligg delvis på bnr. 83 og 84 bør takast vare på. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med denne, og kulturavdelinga har ikkje innvendingar til at det vert gjeve løyve til naudsynt dispensasjon frå LNF-formålet.

APM finn at tiltaket ikkje får negative konsekvensar for landskaps- og jordbruksomsyna. Tiltaket vil heller ikkje føre til ei uheldig endring av bruk og fragmentering av landbruksområde.

APM kjem framleis til same konklusjon om at omsyna bak LNF-formålet ikkje vert vesentleg tilsidesett ved dispensasjon får LNF formål for oppføring av einebustad.

Fordelane er klart større enn ulempene

APM registrerer at klagar har påpeika at eigedomen aldri har vore ein del av busetnaden i området. APM meiner og at det er den nye einebustaden som må vurderast opp i mot gjeldande omsyn og eksisterande busetnad i området. APM vurderer i den samanheng tiltake si gode tilpassing på eigedomen som ein klar fordel; Dette ved at både klyngetunet og byggeskikken på staden vert forsterka. Dette konkrete tiltaket vert vurderast å gje meir kvaliteter til området, meiner APM.

Tiltaket er elles av eit lite omfang, og får ei tilsvarande avgrensa verknad for sine naturlege og bygde omgjevnader: Tiltaket vil i liten grad påverka moglegheit for tilrettelegging av ulike former for landbruksdrift i området. Dette tilseier at det å krevje planprosess for tiltaket vil stå i mishøve, , då ein planprosess vil verta svært tids- og kostnadsdrivande. I forlenginga av dette, meiner APM at det er klare fordelar ved spart tid- og ressursbruk ved å behandle saka som ein dispensasjon direkte i byggesaka, framfor i full planprosess. APM kan ikkje sjå at ein planprosess vil tilføre saka noko som ikkje er komen fram i byggjesaka. Det vert vist spesielt til at saka har vore på fråsegn til kommunale, statlege og regionale organ, og at dei har gjeve grundige og positive uttalar i saka.

Vidare meiner AMP at denne saka står i ei særstilling ved at eigedomen allereie er frådelt til «byggetuft», samt sett i høve til eigedomen si plassering i tilknytning til omkringliggjande bygningar. Det vert vist til APM si tidlegare grunngjeving kva gjeld dette. Vidare er det positivt at tiltaket med sitt omfang og stadtilpassing evnar å styrkja området sitt kulturmiljø, utan at landbruksinteresser vert vesentleg tilsidesett.

Eit fokus er også arkitektoniske kvalitetar, som taler for at det bør verta gjeve løyve til dispensasjon. APM har gjennomført synfaring på eigedomen, og finn at tiltaket er godt tilpassa sine bygde og naturlege omgjevnader. AMP kan ikkje sjå at tiltaket vesentleg vil forringa naboar sine sol- eller utsiktstilhøve, eller at det vil føra med seg ulemper i form av

auka/redusert inn- og utsyn.

APM finn vidare at faren for presens ikkje er særleg stor ved at det vert gjeve dispensasjon, og viser til vår tidlegare vurdering kring dette. Etter ei samla vurdering, kan AMP ikkje sjå at tiltaket vesentleg tilsidesett omsyna bak LNF-formålet. Fordelane vert vurdert til også å vere i klar overvekt, ved at særtrekk ved eigedomen og bygningsmiljøet omkring vert styrka ved god arkitektur og god stadleg tilpassing. I tillegg vert eigedomen sitt potensiale utnytta på ein god måte, ved at det vert lagt til rette for utnytting av jorda til grønsaksdyrking, samt i høve til overordna mål om fortetting i Alver kommune. Utan at APM tar stilling til privatrettslege forhold, legg ein til grunn at eigedomsretten til «grindabygget» fylgjer eigarskap til eigedomen. Dette då det ikkje synes tilstrekkeleg godtgjort at «grindabygget» vart unntatt ved sal/overdraging av eigedomen til tiltakshavar.

AMP kan ikkje sjå at tiltaket medfører nemneverdige ulemper, då fortettinga korkje vil forhindre eksisterande sauebeiting, eller vil redusere ålmenta sitt tilgjenge til viktige friluftsområde.

Vilkåra etter pbl. § 19-2 vert difor vurdert å vera oppfylt, og det er dermed grunnlag for å gje løyve til dispensasjon frå LNF-formålet. Følgjeleg vert klagen av 12.07.22 ikkje teken til fylgje."

Vedtaket av 15.06.2022 har følgjande ordlyd:

«APM- 100/22 Vedtak:

1. Med heimel i forvaltningslova § 33 annet ledd vert administrasjonen sitt vedtak dagsett 29.03.21 oppheva.

2. Med heimel i pbl. § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealformålet landbruk-, natur og friluftsføremål i kommunedelplanen sin arealdel for Meland, for oppføring av omsøkt bustad på gnr. 305 bnr. 83.

• Det vert knytt følgjande vilkår til dispensasjonen:

- Avkøyrsel og veg inn på tomta må opparbeidast i samsvar med fråsegn frå Vestland fylkeskommune si vegavdeling, og det privatrettslege knytt til veg, vatn og avlaup må vera til stades før det kan sendast inn byggjesøknad.
- Det må tinglysast gjerdeplikt rundt eigedomen i samsvar med fråsegn frå Landbruksavdelinga i Alver kommune.
- Jordkjellaren, som ligg delvis på gbnr. 305/83 og 305/84, skal takast vare på i samsvar med fråsegn frå Vestland fylkeskommune og Alver kommune si kulturavdeling.

3. Klagen vart difor teken til følge.

Grunngjeving for vedtaket

Utval for areal, plan og miljø (heretter APM) syner til Statsforvalteren i Vestland sitt vedtak av 24.03.22 om å oppheva AMP sitt vedtak av 01.09.21. Statsforvalteren fell ned på ein konklusjon om at AMP ikkje hadde grunngjeve dispensasjonsvurderinga si tilstrekkeleg, for at fordelane er «klart større» enn ulempene i medhald av pbl. § 19-2. Vidare meiner Statsforvaltaren at dette gjer grunnlag for å rekne med at sakhandsamingsfeilen kan ha verka inn på vedtaket sitt innhald, jf. Pbl. § 41. Difor vart resultatet at Statsforvalteren oppheva AMP sitt løyve av 01.09.21.

APM var på synfaring på eigedomen den 01.09.21. AMP har no vurdert saka på ny, og kjem til same resultat som sist, at det er grunnlag for å ta klagen til følgje;

Vilkåra for å gi dispensasjon er oppfylt

Eigedomen er ikkje regulert og ligg i LNF-formål i gjeldande kommuneplan. Plan- og bygningslova gjev likevel moglegheit for avvik, viss omsyna bak LNF-formålet ikkje vert «vesentlig tilsidesatt», og når fordelane ved å gi dispensasjon er «klart større» enn ulempene, jf. Pbl. § 19-2.

APM er ikkje usamde i utgangspunktet om at gjeldande plangrunnlag skal søkast etterlevd. Likevel har lovgjevar bevisst gjeve ein moglegheit til å søkja dispensasjon i medhald av pbl. §§ 19-1 jf. 19-2. Dette byggjer på ei avveging mellom påreknegheit i regelanvendinga, og behovet for å kunna treffa vedtak som gjev gode og hensiktsmessige løysingar i enkeltsaker.

Omsyna bak LNF-formålet vert ikkje vesentleg sett til side

Omsyna bak LNF-formålet er å ta vare på landbruksareal, naturområde og/eller friluftsområde. Eit anna viktig omsyn bak forbodet mot frådelling og bygging er å unngå oppstykking av jordbruksareal. Desse områda skal prioriterast i eit langsiktig perspektiv, og oppstykking av jord og/eller tap av kulturlandskap skal ein langt på veg prøva å unngå.

Den aktuelle eigedomen er alt frådelt til «Byggetuft». Det er såleis ikkje tale om oppstykking av jordbruksareal. Eigedomen er integrert i ei eksisterande bygd, og inngår ikkje i andre planar eller driftsgrunnlag frå grunneigar eller andre landbrukseigedomar si side. Eigedomen er difor velegna til bustadformål, utan at dette utelet moglegheit for sauebeiting på delar av eigedomen i framtida, eller fører til tap av kulturverdi. AMP kan ikkje sjå at omsyna bak formålet blir «vesentlig tilsidesatt», og finn også støtte for sitt standpunkt i Alver kommune sine tidlegare vurderingar gjort av landbruksavdelinga og kulturavdelinga.

Landbruksavdelinga har vurdert det verdifulle kulturmiljøet på Fløksand med både gamle og nye bygg. I den samanheng vart det vurdert positivt at tiltakshavar planlegg eit bygg som passer godt inn i dette miljøet, ei utbygging som gjev moglegheit for dyrking av grønsaker, samt at grindabygget og den gamle jordkjellaren vil verta teken vare på.

Landbruksavdelinga har også vurdert eigedomen sine interesser som friluftsområde, og stadfester at det ikkje ser ut som arealet har vore nytta til friluftsmål for ålmenta. Landbruksavdelinga kunne heller ikkje sjå spor av stiar over eigedomen. I tillegg vart eigedomen vurdert lite tilgjengeleg frå vegen, ved at tilkomst er avgrensa ved inngjerding.

Heller ikkje kulturavdelingane i Vestland fylkeskommune eller Alver kommune, har uttrykt innvendingar til tiltaket; Vestland fylkeskommune finn ikkje at tiltaket omhandlar eit område av regional verdi, og viser til at Alver kommune er nærmast til å vurdere tiltaket sin verknad på lokale kulturminneverdiar i form av bygningsmiljø og kulturlandskap. Kulturavdelinga i Alver kommune vurderer at tiltaket er planlagt med tilpassing til eksisterande bygningsmiljø og landskapet rundt. Den eldre jordkjellaren som ligg delvis på bnr. 83 og 84 bør takast vare på. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med denne, og kulturavdelinga har ikkje innvendingar til at det vert gjeve løyve til naudynt dispensasjon frå LNF-formålet.

APM finn etter dette at omsyna bak LNF-formålet ikkje vert vesentleg sett til side om det vert gjeve dispensasjon til omsøkte tiltak.

Fordelane er klart større enn ulempene:

APM vurderer også tiltakets gode tilpassing på eigedomen som ein fordel; Dette ved at klyngetunet og byggeskikk på staden blir forsterka. På denne staden og i denne samanheng «gjev tiltaket meir enn det tek» meiner APM.

Tiltaket er generelt av eit lite omfang, og får ei tilsvarande avgrensa verknad for sine naturlege og bygde omgjevnader Dette tilseier at det vil vere uforholdsmessig å krevje plan for tiltaket, då ein planprosess vil verta svært tids- og kostnadsdrivande. I forlenginga av dette, meiner APM at det er klare fordeler ved spart tid- og ressursbruk ved å behandle saka som ein dispensasjon direkte i byggesaka, framfor i full planprosess.

Vidare meiner AMP at denne saka står i ei særstilling ved at eigedomen allereie er frådelt til «byggetuft», samt sett i høve til eigedomen si plassering i tilknytning til omkringliggjande bygningar.

APM meiner i tillegg at tiltaket sitt omfang og stadstilpassing evnar å styrkja området sitt kulturmiljø, utan at landbruksinteresser vert vesentleg tilsidesett. På det grunnlag, og at det vert stilt krav til både faktisk og rettsleg likskap, for at saker kan medføra presedensverknad, vurderer AMP at det er lite sannsynleg at denne konkrete saka vil medføra auka presedens for å kunna dispensere frå LNF-formålet andre stadar i kommunen.

APM fastheld også at omsøkt utbygging er i samsvar med kommunen sine overordna mål om eit ønskje om meir mangfald i utbygginga av bustadar, samt ønsket om fortetting i allereide utbygde område. Under kommuneplanen sin samfunnsdel går det fram under «mål 7: Vi vil ha gode, trygge og aktive nærmiljø som fremjar god helse» at det skal «leggjast til rette for spreidd busetnad og mindre byggjefelt i heile kommunen», jf. strategi 32.

Eit fokus er også arkitektoniske kvalitetar, som taler for at det bør verta gjeve løyve til dispensasjon. APM har gjennomført synfaring på eigedomen, og finn at tiltaket er godt tilpassa sine bygde og naturlege omgjevnader. AMP kan ikkje sjå at tiltaket vesentleg vil forringa naboar sine sol- eller utsiktstilhøve, eller at det vil føra med seg ulemper i form av auka/reduert inn- og utsyn. For ordens skuld vert det nemnt, at så framti tiltaket er i samsvar med lova sine krav til høgde og avstand, må nabo kunne vise til kvalifiserte ulemper for at kommunen skal fråvike tiltakshavar sitt ønskje om plassering, jf. Pbl § 29-4 første ledd, jf. Rundskriv H-8/15.

Etter ei samla vurdering, har AMP vanskeleg for å sjå at tiltaket vesentleg sett til side omsyna bak LNF-formålet. Fordelene vert vurdert til også å vere i klar overvekt, ved at særtrekk ved eigedomen og bygningsmiljøet omkring, vert styrka ved god arkitektur og god stadleg tilpassing. I tillegg vert eigedomen sitt potensiale utnytta på ein god måte ved at det vert lagt til rette for utnytting av jorda til grønsaksdyrking, samt i høve til overordna mål om fortetting i Alver kommune.

AMP kan ikkje sjå at tiltaket medfører nemneverdige ulemper, då fortettinga korkje vil forhindre eksisterande sauebeiting, eller vil redusere ålmenta sitt tilgjenge til viktige friluftsområde.

Vilkåra etter pbl. § 19-2 vert difor vurdert å vera oppfylt, og det er dermed grunnlag for å gje løyve til dispensasjon frå LNF-formålet som omsøkt. Følgjeleg vert klagen av 20.04.21

teken til følge."

Vi gjer merksam på at Statsforvaltaren i Vestland har opplyst at saksbehandlingstida er på mellom ein og tre månader.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd. Saksdokumenta er vedlagt.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post tone.furustol@alver.kommune.no eller på telefon 56375401.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på vedtak om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av einebustad - gbnr 305/83 Fløksand

Tilsvar til naboklage - gbnr 305/83 Fløksand

Bilag 1 - Delingskart og grensejustering

Klage vedtak APM sak 100/22 - gbnr 305/83 Fløksand

Statsforvaltaren i Vestland opphevar Alver kommune sitt politiske vedtak av 01.09.2021 om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av einebustad grunna manglande grunngeving - gbnr 305/83 Fløksand

Oppheving - Byggesak - gbnr 305/83 Fløksand - Kjellarbakken - oppføring av einebustad

Klage på vedtak om dispensasjon for oppføring av bustad - gbnr 305/83 Fløksand

klage vedtak APM 120 21

Vedlegg 5 A301 Perspektiver naboer

Nabomerknader og endring i regelverket - Klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av bustad - APM møte 01.09.2021 - gbnr 305/83 Fløksand

Uttale til klage - gbnr 305/83 Fløksand

Kommentar til klage på dispensasjonssøknad - gbnr 305/83 Fløksand

Uttale på klage fra 5 172

Uttale til klage 2018341 - 2151950

Merknad til klage på dispensasjonssøknad - gbnr 305/83 Fløksand

Klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av einebustad - gbnr 305/83 Fløksand

Søknad om dispensasjon - gbnr 305/83 Fløksand

Dispensasjonssøknad gbnr 305/83 Fløksand

Foto av tomt 83 sett fra tomt 174

Merknad til nabovarsel på tiltak på eiendom gbnr 5/83

Nabomerknad fra 5/172[1][1]

Svar på tiltak[1][1] - merknad til nabovarsel

Merknad til nabovarsel[1][1] - Anfinsen

Merknad til nabovarsel - tiltak på eiendom 5/83[1][1] - Hoff

Svar på nabomerknader 27.11.2020[1]

Situasjonsplan 17.08.2020

Vedlegg:

Tegn nr 1.140, Lengdesnitt og tverrsnitt

Tegn nr 1.163, Fasader

Uttale - Alver - gbnr 305/83 Fløksand - bustad oppføring - dispensasjon

Avslag på søknad om dispensasjon - gbnr 305/83 bustad Fløksand

Gbnr 305/83 Fløksand - uttale kultur

Kulturminnefagleg fråsegn - Dispensasjon frå kommuneplan - gbnr 305/83 Fløksand - Alver kommune

Uttale frå landbruk til søknad om dispensasjon for bygging av hus på GBNR 305/83 Fløksand

Klage frå tiltakshavarar representant på avslag på søknad for oppføring av einebustad - gbnr 305/83 Fløksand

Aksept av tilbud for veirett og avløp

Administrativt avslag 2015- gbnr 5_83 og 5_84

Klage administrativt avslag 2016 - gbnr 305_83 og 305_84 Fløksand

Administrativt avslag 2019 - gbnr 305_83 og 305_84 Fløksand

Klage på administrativt avslag 2019 - gbnr 305_83 og 305_84 Fløksand

Nabomerknader og endring i regelverket - saksframlegg frå administrasjonen

Kopi til:

Anne Kvalheim	Fløksand 48	5918	FREKHAUG
Anne Kvalheim	Fløksand 48	5918	FREKHAUG
Arnt Arvid Vikebø	Øvre Krabbedalen 41	5178	LODDEFJORD
Arnt Arvid Vikebø	Øvre Krabbedalen 41	5178	LODDEFJORD
Bjørn Systad	Fyllingsnesvegen 235	5913	EIKANGERVÅG
Bjørn Systad	Fyllingsnesvegen 235	5913	EIKANGERVÅG
Carl Christian Grythe Hoff	Christinegård 2	5037	BERGEN
Carl Christian Grythe Hoff	Christinegård 2	5037	BERGEN
Frode Anfinsen	Fløksand 62	5918	FREKHAUG
Frode Anfinsen	Fløksand 62	5918	FREKHAUG
Harris Advokatfirma AS	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
Harris Advokatfirma AS	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
Helene Halland Anfinsen	Fløksand 62	5918	FREKHAUG
May Elisabeth Vikebø Vie	Vievegen 149	6812	FØRDE
May Elisabeth Vikebø Vie	Vievegen 149	6812	FØRDE
Ole Petter Grythe Hoff	Sydnesgaten 21	5010	BERGEN
Ole Petter Grythe Hoff	Sydnesgaten 21	5010	BERGEN
Roar Hansen	Fløksand 48	5918	FREKHAUG
Roar Hansen	Fløksand 48	5918	FREKHAUG
Siri Gro Bysheim	Fløksand 52	5918	FREKHAUG
Siri Gro Bysheim	Fløksand 52	5918	FREKHAUG

Mottakarar:

Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
-----------------------------	--------------	------	-----------